

# Orientering til deg som søker om parkeringskort

## Vi ber deg om å lese orienteringa, før utfylling av søknaden

Du kan få parkeringskort som bilfører **eller** som passasjer.

Parkeringskortet er gyldig i 2-5 år.

Når parkeringskortet ditt har gått ut på dato, må du søke på nytt.

### **Parkeringskort for bilfører:**

#### **To vilkår må vere oppfylt for å få parkeringskort som bilfører:**

1. Du kan ikkje gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Ei legeerklæring **skal** dokumentere dette. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.
2. Du må ha **eit særleg behov** for å kunne parkere nær bustad, arbeid og/eller anna aktivitet. I søknaden din må du få fram opplysningar som tilseier at du har **eit særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker.

### **Parkeringskort for passasjer:**

#### **Tre vilkår må vere oppfylt for å få parkeringskort som passasjer:**

1. Du kan ikkje gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Ei legeerklæring **skal** dokumentere dette. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.
2. Du må ha **eit særleg behov** for å kunne parkere nær bustad, arbeid og/eller anna aktivitet. I søknaden din må du få fram opplysningar som tilseier at du har **eit særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker.
3. Du må ha behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor bilen. Legeerklæringa **skal** dokumentere dette.

Det er når du treng hjelp til forflytning eller at du ikkje kan etterlatast åleine (for eksempel på venterommet) medan bilfører parkerer bilen, at du får tildelt parkeringskort som passasjer.

Som passasjer kan du nytte deg av eit kort stopp for av- og påstigning på parkeringsplass reservert for forflytningshemma, og på stader med parkering forbode. Det er ikkje naudsynt med parkeringskort for å gjere dette.

**Din søknad:**

I søknaden må **du** få fram opplysningar som tilseier at du har eit **særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker. I søknadsskjemaet er det tatt med ulike forhold vi treng svar på. Det anbefalast at du fyller det ut nøye, slik at vi får eit godt bilde av ditt behov. Bruk gjerne baksida av arket, dersom det ikkje er nok plass i skjemaet.

**Saman med søknaden må du levere:**

- **Legeerklæring:** Legeerklæringa **skal** vere godt utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, om du nyttar hjelpemiddel, samt kor mange meter du eventuelt kan gå med og utan hjelpemiddel. Den skal dokumentere at du ikkje kan gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

**Ved søknad som passasjer, må det gå fram av legeerklæringa at du har behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor køyretøyet.**

- Bilete i passfoto storleik (kan takast med mobil)
- Kopi av gyldig førarkort (dersom du søker som bilfører)

**Søknaden vert ikkje handsama før all dokumentasjon er motteken**





### **Grunngjeving**

**Forklar grundig, kvifor du har eit særleg behov for parkeringsløyve:**  
(Bruk gjerne baksida av arket)

1. Kva problem opplev du, når du beveger deg?

2. Kvifor kan ikkje du nytte dei ordinære parkeringsplassane på stadene du ofte besøker?



### Samtykke

Eg samtykker til at kommunen kan innhente ytterlegare opplysningar frå legen min angåande min søknad  Ja  Nei

### Dokumentasjon

#### Følgjande dokumentasjon må leggast ved:

- Legeerklæring (ikkje eldre enn 6 månadar)
- Bilete i passfoto storleik (kan takast med mobil)
- Kopi av gyldig førarkort (dersom du søker som bilfører)

**Søknaden vert ikkje handsama før all dokumentasjon er motteken**

### Signatur av søker/verje/føresett

Stad:

Underskrift:

Dato:

**Søknaden må signerast av søker sjølv eller oppnemnt verje. Er søker under 18 år skal søknad signerast av ein føresett.**

**Ved bruk av fullmektig, som ikkje er advokat, må gyldig fullmakt leggast ved.**

**Søknad med vedlegg sendast til:**

Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 Svelgen